

# Vilkår for elever og føresette i Sunnfjord kulturskule

Velkommen som elev/søkjar i kulturskulen.

Målet vårt er å gje opplæring av høg fagleg og pedagogisk kvalitet.

Retningslinjene våre vert spegla av dette. Vi vil vere inkluderande, rettferdige, tydelege og trygge.

Elevane våre skal få lære, oppleve, skape og formidle kunst og kultur gjennom eigen aktivitet og i fellesskap med andre.

Vilkåra gjeld frå 15.09.2023

Revidert 26.02.2024

## Innholdsliste

Vilkår for elever og føresette i Sunnfjord kulturskule .....	1
1. Opptak og venteliste .....	2
2. Vidareføring av plassen .....	3
3. Utmelding .....	4
4. Undervisningsåret .....	4
5. Forventningar .....	5
6. Fagleg innhald, lengde og organisering .....	5
7. Undervisning og utstyr .....	5
8. Permisjon frå undervisning .....	6
9. Avlysing av undervisning .....	7
10. Betaling av kontingent/ kursavgift .....	7
11. Søskenrabatt og friplassar .....	8
12. Tap av elevplass .....	8
13. Fotografering/filming av elever .....	9
14. Forsikring .....	9
15. Uføresette hendingar .....	9

Når det står at administrasjonen skal ha skriftleg melding må det sendast e-post til [kulturskulen@sunnfjord.kommune.no](mailto:kulturskulen@sunnfjord.kommune.no) eller melding via elevstyringsprogrammet SpeedAdmin. Når det er krav om skriftleg melding er det ikkje tilstrekkeleg å gi beskjed til læraren.

[Link til elevstyringsprogrammet SpeedAdmin](#)

# 1. Opptak og venteliste

Alle som ønsker å få undervisning på kulturskolen må søkje via våre websider.

[Link til Sunnfjord kulturskule sine websider www.sunnfjordkulturskule.no](http://www.sunnfjordkulturskule.no)

SpeedAdmin er skulen sitt system for elevadministrasjon. Ved søknad om elevplass får søkjar eige brukarnamn og passord for innlogging. Det er også mogleg å bruke MinID.

Brukaren er ansvarleg for å sikre at all elevinformasjon i SpeedAdmin er korrekt og oppdatert til ei kvar tid. Dette gjeld også ventelister.

Vi prioriterer born mellom 0 og 19 år som bur i Sunnfjord kommune.

Er det ledige plassar tek vi opp vaksne eller born frå andre kommunar.

Elevane våre har lov å ha fleire plassar.

Alle som søker plass i Sunnfjord kulturskule får ein e-post om at søknaden er motteke.

Eleven får ofte tilbod om plass i inneverande eller påfølgjande semester. Er alle plassar opptekne må eleven bli sett på venteliste.

Hovudsøknadsfristen er 15.5. Men vi tek imot søknadar gjennom heile året.

## Aldersgrenser:

Alle våre fag har ei aldersgrense. De finn den i beskrivinga av tilbodet på vår webside. Vi tek ikkje opp barn før dei når aldersgrensa for faget. Dei står på ventelista fram til då. Ein kan søkje så tidleg som ein vil for å sikre seg plass når ein blir gamal nok til tilbodet.

## Venteliste:

Nokre av våre fag har dessverre venteliste.

Det kan difor vere lurt å setje barnet opp på venteliste før anbefalt aldersgrense. Då kan barnet starte når det er gamalt nok.

Hovudkriterium for opptak er søkedato. Opptak i løpet av året vil også avhenge av kva slags plassar som blir ledige og ev alder på dei ein er i gruppe med.

## Fortrinnsrett:

Tidlegare kulturskuleelevar og elevar frå andre kulturskuler kan søkje fortrinnsrett på fag som dei er aktive i.

Elevar under 18 år som spelar i korps har fortrinn ved opptak på alle korpsinstrument.

### Prosedyre ved opptak:

1. Du søker på eit eller fleire fag.
2. Vi godkjenner søknaden din og du får stadfesting på e-post om at du står på venteliste.
3. Når det er plass til deg på faget du har søkt, får du opptaksbrev som inneheld namn til lærar, undervisningsdag, -tid, og -stad samt kostnader.
  - Ynskjer du å takke ja til tilbodet?  
Berre møt til oppsett tid og stad.
  - Ynskjer du å takke ja til tilbodet, men dag eller klokkeslett ikkje passar?  
Ring læraren din! Nummeret står i opptaksbrevet. Som oftast er det mogleg å byte dag eller klokkeslett.
  - Vil du ikkje nytte deg av tilbodet likevel og er ny elev?  
Då kan du registrere utmelding online eller kontakte kulturskulen sitt kontor.  
Vi sender ikkje rekning før du har starta hos oss.

### Oppstart:

Dei fleste elevar startar ved skulestart i august eller rett etter jul.

Om det er pedagogisk gunstig, tek vi også opp elever fortløpande.

Elevplassen er personleg for eleven og kan ikkje overførast til andre.

Elevplassen er bindande ved opptak. Nye elevar har to prøvetimar (sjå elles pkt. 3).

## 2. Vidareføring av plassen

Mange av våre elevar går på det same tilbodet i mange år. Før sommarferien må alle stadfeste vidareføring av plassen (re-registrere seg). Kulturskulen informerer via e-post og heimeside når re-registreringa er open.

Frist for melding om vidareføring av plassen eller utmelding er 15.5.

Det er også mogleg å slutte til jul. Då er utmeldingsfristen 15.11.

Ved manglande re-registrering blir eleven utmeldt ved semesterslutt.

Om elev og lærar ikkje finn ei felles tid for undervisning, kan eleven flyttast til venteliste eller bli utmeldt. Dette må avklarast i løpet av maks to veker etter oppstart.

### 3. Utmelding

Skal du slutte på kulturskulen, må du vere merksam på følgjande:

Avtalen du har er økonomisk bindande semestervis. Oppseiing må skje ved skriftleg melding.

Vi sender alltid stadfesting for mottatt utmelding.

OBS våre lærarar kan ikkje ta imot utmelding.

#### Utmeldingsfristar:

For komande vårsemester: 15.11.

For komande haustsemester: 15.5.

Eleven er automatisk påmeldt til vårsemesteret om ikkje skriftleg utmelding er sendt innan fristen (15.11.)

Nye elevar som ikkje ønsker å ta imot tilbod om elevplass må gje skriftleg melding til kulturskulen sin administrasjon.

Nye elevar har inntil to prøvetimar etter tildelt plass. Om eleven ønsker å slutte etter prøvetimane, må administrasjonen få skriftleg melding om dette. Frist er dagen etter siste prøvetime for å sleppe å betale for heile semesteret. Kulturskulen sender då faktura kun for dei gjennomførte prøvetimar.

Tidlegare elevar har ikkje rett til prøvetime i same disiplin. Vi tilbyr ikkje prøvetime for kortkurs eller sommarkurs.

Om elev og lærar ikkje finn ei felles tid for undervisning, kan eleven flyttast til venteliste eller bli utmeldt. Dette må avklarast i løpet av maks to veker.

Ved utmelding etter fristen må semesterkontingenten for det påfølgjande semesteret bli betalt.

### 4. Undervisningsåret

Undervisningsåret til kulturskulen følgjer skuleruta i Sunnfjord kommune. ([Link til skuleruta i Sunnfjord kommune](#)) Nokre tilbod har kortare løp. Dette finn du informasjon om på heimesida vår. Prosjektveker og gruppesamlingar kan erstatte ordinære undervisningsveker. Konsertar, framsyningar og utstillingar kjem i tillegg til sjølve undervisningstimane. Heilagdagane som 1. og 17. mai vil redusere tal undervisningsveker, om dei aktuelle dagane fell på ein undervisningsdag.

## 5. Forventningar

Elevar og føresette held seg oppdatert om viktige beskjeder. Kulturskulen brukar sms og e-post ([kulturskulen@sunnfjord.kommune.no](mailto:kulturskulen@sunnfjord.kommune.no)).

Føresette har ansvar for å sjå til at vårt elevstyringsprogram (SpeedAdmin) alltid er oppdatert med riktige kontaktopplysningar. Også venteliste plassar skal vere oppdatert.

Kulturskulen forventar at eleven er venleg og høfleg og kjem førebudd og presis til timen. Om eleven ikkje kan kome til undervisninga, må læraren få beskjed i god tid (sms eller telefon til læraren). Timen vert ikkje erstatta.

Om eleven ikkje møter eller kjem for seint, må lærar vurdere deltaking i pågåande undervisning eller komande konsert/framsyning/utstilling.

Elevane våre får nokre gonger høve til å delta på kulturskulearrangement utanom undervisninga kvar veke. Nokre ekstraoppmøte i samanheng med dette må prioriterast.

## 6. Fagleg innhald, lengde og organisering

Kulturskulen nyttar den nasjonale rammeplanen ([Link til rammeplanen på kulturskulerådet sine websider](#)) for kulturskuler og eigne lokalt utarbeida læreplanar ([Link til Sunnfjord kulturskule sine læreplanar](#)) som grunnlag for undervisninga. Pedagogane våre har metodefridom i undervisninga og undervisninga er organisert ulikt. Elevane kan få enkelttimar, smågruppe-timar (2-4 elevar) eller gruppetimar (4+ elevar) basert på fagleg grunnlag med omsyn til elevane sin alder, modenheit og nivå.

Enkeltimar: 20 min

Smågruppe-timar: 30 min (2 elevar), 40 min (3 elevar), 45 min (4 elevar)

Gruppetimar: 45 min - 90 min

Oppmøtetida kan variere i samband med sjukdom eller førebuing av konsert/framsyningar/utstillingar. Kulturskulen informerer om forandra oppmøtetid så tidleg som mogleg.

Kulturskulen kan tilby utvida undervisningstid til elevar som er i behov av dette. Det er instrumentallæraren som melder behovet, ev foreldre kontaktar lærar.

Ein søker ved å sende ein e-post til administrasjonen, [kulturskulen@sunnfjord.kommune.no](mailto:kulturskulen@sunnfjord.kommune.no). Det er rektor som innvilger ekstra tid. Kontingenten aukar med utvida tid.

([Link til Sunnfjord kulturskule sin prisliste](#))

For spesielt motiverte elevar som ynskjer meir enn det vanlege kjernetilbodet, tilbyr vi etter opptak plass i fordjupingsprogram ([Link til Sunnfjord kulturskule sitt fordjupingsprogram](#)).

## 7. Undervisning og utstyr

Elevar innan musikk:

- Elevar må kjøpe notar sjølve til bruk i undervisninga, læraren informerer føresette.
- Instrumentalelevar må ha tilgang til fungerande instrument dagleg for øving.
- Pianoelevar må ha piano til øving. Det kan anten vere eit elektrisk piano (el-piano) eller eit akustisk piano. Keyboard er dessverre ikkje tilstrekkeleg når eleven har nådd eit visst nivå. (Be lærar om råd ved kjøp av instrument)
- Kulturskulen har enkelte instrument til utleige mot betaling. ([Link til Sunnfjord kulturskule sine websider om utleige](#))

Elevar innan visuell kunst:

- Kunstelevane får låne frakk, men må likevel stille i klede som toler å bli skitten.
- Visuell kunstelevar betaler materialkostnad og treng ikkje å ta med seg noko til undervisninga.

Elevar innan teater:

- Teaterelevar betalar materialkostnad til dekking av manus, rekvisittar og noko kostymer.
- Teaterelevar må stille i komfortable klede til øvingar og stille med basisplagg til framsyningar.

## 8. Permisjon frå undervisning

Om eleven har behov for permisjon frå undervisninga, kan det sendast melding til administrasjon. ([Link til e-post kulturskulen@sunnfjord.kommune.no](mailto:kulturskulen@sunnfjord.kommune.no)) Det er administrasjonen som vurderer situasjonen. Eleven beheld då ikkje elevplassen, men vil, etter skriftleg ønske om gjenopptak, bli prioritert ved ledig plass. Dette gjeld berre om administrasjonen godkjenner permisjonsgrunnlaget.

## 9. Avlysing av undervisning

Når ein av våre lærarar er sjuk eller på anna måte må vere borte frå undervisninga, gjer vi det vi kan for å skaffe ein kvalifisert vikar slik at undervisninga kan gjennomførast som planlagt. Dessverre klarer vi ikkje alltid dette ved akutt sjukdom, og då kan undervisninga bli avlyst. Melding om dette vert sendt ut på sms til den som vi har registrert i vår database. Viss det blir mange avlysingar i løpet av eit skuleår, kan vi gi reduksjon i elevpengar som ein kompensasjon for mista undervisning. Dette gjeld dersom det blir meir enn to avlysingar utan at vi klarer å setje inn vikar.

Ved lengre sjukmeldingar og permisjonar blir det alltid sett inn vikar, men timeplanen kan bli endra i samråd med elevar og føresette. Hovudmålet vårt er å gjere undervisninga så stabil som mogleg gjennom heile skuleåret.

Om eleven ikkje kan kome til undervisninga, må læraren få beskjed i god tid (sms eller telefon til læraren). Timen vert ikkje erstatta.

## 10. Betaling av kontingent/ kursavgift

[Link til Sunnfjord kulturskule si prisliste](#)

Eleven betaler kontingent/kursavgift fastsett gjennom vedtak i Sunnfjord kommune. Kulturskulen sender faktura to gonger i året.

- Vårsemester: i mars/april
- Haustsemester: i oktober

Fakturaen blir sendt frå kommunen si rekneskapsavdeling som e-faktura.

Dersom kontingent/kursavgift ikkje blir betalt, kan eleven miste plassen sin.

Dersom kulturskulen må avlyse undervisninga meir enn to gonger i løpet av eit semester (halvår), kan delar av semesteravgifta refunderast.

Elevar som blir sjuke eller skada, og difor ikkje kan delta i undervisninga, kan levere legeerklæring før slutten av semesteret og søke om å få fråtrekk for delar av semesteravgifta.

## 11. Søskenrabatt og fri plassar

Kulturskulen tilbyr søskenrabatt på 25%.

Familiar med fleire barn i kulturskulen betaler då mindre frå og med barn nummer 2.

Søskenrabatt gjeld ikkje materialkostnad og instrumentleige.

### Fri plassar:

Kulturskulen har 20 fri plassar til familiar med låg inntekt.

For å søkje fri plass, må ein først ha søkt om, og fått tildelt, elevplass ved kulturskulen. Fri plassar må søkjast for kvart skuleår. Fri plassar kan berre søkjast for elevar under 18 år. Elevar kan kun ha ein fri plass.

Om ein kan få tildelt fri plass avheng av familien si samla inntekt. Før de søkjer om fri plass, sjekk den gjeldande inntektsgrensa.

[Link til inntektsgrensa per år per husstand](#)

Krav til dokumentasjon er skatteoppgjer for førre inntektsår frå føresette.

Om inntektssituasjon har endra seg betydeleg i løpet av året, er de pliktige å informere kulturskulen om dette.

Kulturskuletilboda visuell kunst og teater krev materialkostnadar som blir fakturert uansett om ein har fri plass eller ikkje.

Søknad sendast til rektor.

[trude.skarvatun@sunnfjord.kommune.no](mailto:trude.skarvatun@sunnfjord.kommune.no)

## 12. Tap av elevplass

Kulturskulen kan seie opp elevplassen dersom:

- eleven er fråverande frå undervisninga minst 3 gonger utan å gje beskjed. Fråvær skal meldast til lærar på sms eller telefon.
- eleven viser åtferd som er til hinder for undervisninga
- semesterkontingenten/kursavgifta ikkje vert betalt
- Fleire elevar i ei gruppe sluttar, slik at gruppa blir for lita til at det er grunnlag for å halde fram undervisning. Då kan gruppa bli avslutta. Dette kan utløyse ein refusjon i elevbetalinga på grunn av bortfall av undervisning.
- Misser du elevplassen etter dei tre første punkta, fritek ikkje dette plikta til å betale semesteravgifta.

## 13. Fotografering/filming av elevar

I elevstyringsprogrammet SpeedAdmin kan elevane våre melde om dei godtek fotografering/filming. Om eleven godtar dette, kan bilde/videoar brukast på sosiale media, våre websider, marknadsføringsmateriale og brosjyre.

Det blir ikkje knytt namn til bilde eller filmopptak.

Elevane må godkjenne fotografering/filming ein gang i året.

Føresette kan når som helst krevje at enkeltbilde/filmopptak med egne barn under 18 år, blir fjerna.

Sunnfjord kulturskule vil ikkje frigje digitale bildekopiar av elevane utan spesifikt samtykke. Det skal ikkje takast bilde av lettkledd elevar. Bilda skal vere av ein slik kvalitet at det er lite attraktivt for andre å manipulere eller nytte dei i andre samanhengar. Sunnfjord kulturskule vil alltid be om spesifikt samtykke dersom det skal tas bilde av elevar til journalistiske formål eller om det er ønskeleg å knytte namn til bilde.

Vi ønsker også å gjere merksam på at føresette som tek bilde/video av elevar ikkje har lov å publisere slike bilde utan løyve frå alle personar som er på bilde. Det er heller ikkje lov å dele i lukka grupper eller private chattar utan løyve.

## 14. Forsikring

Elevar i Sunnfjord kulturskule er del av same forsikringsordning som skuleelevar i Sunnfjord kommune:

Forsikringa gjeld all aktivitet i ordinær skuletid, pluss alle aktiviteter for barn i kommunens regi. Dette omfattar altså ordinær kulturskuleundervisning, konsertar, ekstraøvingar, helgeseminar og andre kulturskulearrangement. Forsikringa gjeld også på veg mellom heim og undervisningsstad ([meir informasjon finn du i Opplæringsloven, fra Lovdata, linken åpner seg i ny fane](#)).

## 15. Uføresette hendingar

Ved uføresette hendingar (force majeure) har vi rett til å avlyse undervisninga utan kompensasjon. Eksempel på slike hendingar er naturkatastrofar, streik eller større sjukdomsutbrot i befolkninga (pandemi).